

## Anerekkja åt farfar SVERRE ERTESVÅG

(ved Ivar S. Ertesvåg, november 2006)

Denne lista inneheld 5 ættledd, til og med farfar sine tipp-oldeforeldre, eller mine tipp-tipp-tipp-oldeforeldre. Sjå merknader om nummerordning og kjelder på eige ark.

For dei fire første ledda er slektskapen mellom foreldre og barn dokumentert; dvs. at den voksne i eit ættledd er same person som barnet til det eldre paret. I det femte ættleddet er ikkje slektskapen dokumenterte for alle para.

1. SVERRE Martin Antonson ERTESVÅG, f.27.7.1905 - d.14.5.1981  
gift 30.11. 1927 Valborg Eliasd. Garshol (Ertesvåg), f.23.11.1903- d.9.11.1994,  
nytt bruk i Ertesvåg 1931 (U4.467,463,410)  
7 born, 21 borneborn

Det nye bruket, Vestbø (bnr.3) var eit jordstykke utskilt frå bnr. 1 i 1929. Skøytet er tinglyst i 1931 og kjøpesummen var kr 500 til Sverre sine foreldre. Samstundes kjøpte Sverre og Valborg to utmarksteigar som høyrde til Dimnasund, men som grensa mot Ertesvåg. Den eine frå Valborg sine foreldre for kr. 300, den andre frå morbroren hennar, Andreas Johannesson Garnes, for kr. 525. Realpanterregisteret fortel at dei lånte 2500 kroner i 1932 og 3400 kroner året etter.

### Klipp frå **Vikebladet**:

"Kommunevalet i Ulstein 1931" (23.10.1931), frå Haddal krins: Knut A. Ertesvåg, ny. Frå Hasund krins: 3. vara Sverre Ertesvåg.

"226 korn på eit aks Sverre Ertesvåg, Ertesvåg i Ulstein fann i haust då han skar kornet på det nye bureisingsbruket sitt, eitt havreaks med 218 korn og eitt med 226 korn, vert det meldt oss" (3.11.1932)

"Ein del smågriser til sals no. Sverre Ertesvåg" (25.8.1933).

"En del smaagriser til salgs. Leveringstid 10. august. Sverre Ertesvåg" (3.8.1934).

"Smågriser til salgs. Leveringstid kring 28.mars. Sverre Ertesvåg" (15.3.1935).

"Første bilen på Dimnøya! Brødrene Ole, Nils og Lars Gjerdsbakk har i desse dagar kjøpt seg ein 1 1/2 tons Ford lastebil" (3.9.1936).

"Ein smågut i Ertesvåg i Ulstein som hadde fått tak i ein sigd skamferte seg stygt måndag, meddi han fekk avskore pulsåra på to stader på eine handa. Dr. Sollie var i Hjørungavåg då det hende, og han køyrde i huj og hast avstad og fekk forbinde den skadde, som hadde lide eit veldig blodtap, vert det fortalt oss." (9.9.1937)

"Kommunevalet i Ulstein 1937" (21.10.1937): Innvalde på krinsliste frå Hasund: Ole Gardshol, Sverre Ertesvåg, Karl Strandabø. Frå Haddal vart Knut Ertesvåg valt inn, og Alf A. Ertesvåg

var 2. vara frå Dimna krins.

”Til byggenemnd for Hasund skule vart vald: Sverre Ertesvåg, Rasmus J. Sundgot, Vilh. Ringstad, Tor Eidem og Alfr. Garshol med vara Knut J. Sundgot og Ole H. Garshol” (6.1.1937)

”Elektrisk kraft til Ertesvågane Etter det me fær opplyst skal e. verket utvide linjenettet sitt til ogso å omfatte Ertesvågane. Arbeidet med å strekkje linja vert påbyrja i august.” (14.7.1937)

”Straumane Handelslag ... styret: lærar E.S. Hasund, formann, gbr. Sverre Ertesvåg, disp. Peter Hasund, gbr. Paul Saunes og gbr. Andreas K. Hasund.” (6.10.1938)

”Akkorden med omlegging av veggen frå Skaret til Grynnevika på Sundgot er bortsett til Sverre Ertesvåg. Han driv med 6 mann.” (28.9.1939)

”Arbeidet med omlegging av veggen frå Skaret til Grynnevika på Sundgot er no ferdig, og veggen teken i bruk.” (2.11.1939)

”Stygg sykkelulukke Ein mann frå Ertesvåg i Ulstein kom stygt til skade ved ei sykkelulukke i fyrre vika. Mannen som fekk heileskaking og brot på heileskåla, vart send til sjukehuset i Volda. Han var nokså dårleg, men etter det me fretter er han i betring.” (1.12.1939)

”Valet” (11.10.1951) Sverre Ertesvåg innvald på krinsliste for Hasund. Knut Ertesvåg frå Haddal.

”Vegen rundt Dimnøya Den veglause strekninga Dimnastøylen - Ertesvåg er på 2,1 km. Folk frå vegstellet var i Ulstein i veka som gjekk og stakk opp lina ... ” (22.11.1951)

”Ulstein Bondekvinnelag vart skipa 18.april på Osnes Bedehus. Formann: Tora Ringstad, dei andre i styret Johanne Ringstad, Haddal, Karen Flø, Astrid Dimmestøl og Valborg Ertesvåg.” (30.4.1952)

”Traktor og garasje brent i Ertesvåg I Ertesvåg skulle ein kar i slutten av førre vike starte traktoren då det plutselig, på ein eller annan måte tok fyr. Bensintanken var full og innhaldet tok fyr, men eksploderte heldigvis ikkje, men den brennande bensinen antente garasjen. Både traktoren og garasjen brente heilt opp, men eigaren, Ertesvåg, kom ikkje til skade.” (28.5.1953)

”Om ny vegvaktar Hallvard Hasund, Ingolf Eikrem og Sverre Ertesvåg søkjer på vegne av oppsitjarane på Hasund og på Dimnøya om at det vert oppretta ei ny vegvaktarstilling på roda Hasund og Dimnøya. ...” (29.11.1956)

[8,9]

2. PETER ANTONI Johannesson STORØY (Ertesvåg), f.7.10.1866 - d.4.5.1945

3. KAREN Olaviusd. DIMMEN (Ertesvåg), f.27.9.1866 - d.4.1.1939

gifte 1.5.1894.

Ved dåpen er han kalla Peter Antoni i kyrkjeboka, men vanlegvis kalla Anton. Han reiste til Montana, USA, i 1888 for å tene pengar. Dei skal ha vore trulova før han reiste. Frå 1894 til 1898 pakta dei klokkargarden på Hovset, og i 1898 kjøpte dei Ertesvåg (bnr.1) for kr.5000.

Før dette hadde Anton kjøpt garden Storøy av mora (enkje) i 1895 for kr.1377. Det er ikkje tinglyst noko lån for noko av desse gardkjøpa – dvs. at Anton hadde spart opp desse pengane. To av brørne bygsla kvar sin halvpart av Storøy og ytte kår til mora. Dei kjøpte bruka i 1911 for kr. 750 kvar.

Det fortelst at Anton ville kjøpe garden i Indre-Dimna av verfare, men at Olavius ville eldste sonen skulle ha garden. Det vert også fortalt at Anton skulle kjøpe klokkargarden på Hovset, og handelen vart ordna i banken på Rise. Men så vart det til at han og Lars Knutson Garshol, som eigentleg skulle kjøpe bruket i Ertesvåg, samde om å byte gard og dei gjekk framatt på Rise dagen etter.

(U4.463,488,He3.9,UHAm.166)

Born:

I Joakim Andreas f.25.6.1895 - d.3.6.1918 av lungetæring, i USA 1914-1916. (UHAm.166)

II Ole August f.7.6.1897 - d.27.2.1982, g.7.7.1924 Olga Helene Lauritsd Kleven, frå Garshol, f.4.10.1897 - d.24.10.1959. Dei tok over garden i 1939, 5 born. (U4.463,219)

III Jonas Alfred f.5.10.1898 - d.1.8.1985, g.25.11.1921 Johanne ("Jonna") Aslaug Knutsd. Hasund f.21.4.1898 - d.11.7.1982, busett Hasundstranda, 9 born. Jonas var fiskar. (U4.257,246)

IV Alf Karsten f.25.2.1900 - d.10.1.1984, g.28.10.1925 Kaspara Petrikka Nilsd. Våge, f.15.3.1899 - d.24.1.1957, busett Vågane, 1 barn. Alf var fiskeskipper. (U4.551,546)

V Ludvik Kristoffer f.18.9.1901 - d.30.11.1901 av lungebetennelse

VII Knut Ludvik f.18.7.1903 - d.18.4.1975, g.10.8.1927 Jenny Olivia Eliasd. Myrene f.28.9.1903, busett Saunes frå 1960. 5 born. Knut var lærar i Haddal, skuleinspektør frå 1960. Han var ordførar i Ulstein 1948 - 1960, (U4.345,111).

VII SVERRE MARTIN f.1905 (sjå ovanfor)

VIII Agnes f.16.9.1907 - d.20.1.2003, g.6.4.1931 Knut Egil Johanson Sundgot, f.8.1.1905 - 29.7.1999, frå Legene, busett på Sundgot, 3 born (U4.449,435).

IX Simon Leif f.29.9.1909 - d.6.8.1965, g.5.7.1935 Borghild Eliasd. Garshol f.27.8.1912, busett i Dimnasund, 4 born (U4.412,410).

(I alt 34 barneborn, etter bygdebøkene)

Kjelder:

Anton, Karen: kb.Herøy (Anton f.; utflytta til Amerika 1888), kb.Ulstein (Karen f.), klb.Ulstein (Anton innflytta 1894; g.), Vikebladet (Karen d.)

Born: klb.Ulstein (alle f., Ole, Alf, Knut, Sverre, Agnes, Simon g.; Joakim, Ludvik d.), kb.Ulstein (Jonas g.), Gravsteinar (Ole, Jonas, Alf, Knut, Simon d.), Vikebladet (Agnes d.).

Ver-born: klb.Ulstein (alle f.), Gravsteinar (Olga, Johanne, Kaspara, Knut Egil d.)  
Gardane: Realpanterregister for Ulstein og Hareid (Ertesvåg), for Herøy og Rovde (Storøy).  
Bygdebøkene

I skjøtet (november 1898) frå enkja Marta Ertesvåg til Anton er det gjort greie for kårtingane ho skulle ha. Først skulle han (som regelen var) ta over det kåret som alt låg på garden. Den førre brukaren, Marta si vermor Marie, levde framleis, 82 år. I tillegg skulle Marta ha 6 lass godt turka brennetorv årleg så lenge Marie levde. (Ho døydde i november 1899 i Ulstein). Etter at Marie var død skulle Marta kvart år i ti år ha 60 våger (1110 kg) godt og velturka høy, 10 våger (185 kg) god halm, 3 tønner poteter, og kvart år i femten år skulle ho ha 12 lass brennetorv. Alt dette skulle Anton levere til henne dersom ho budde på Dimnøya eller på strekninga Osnes–Botnen. Elles skulle ho hente det ved sjøen i Ertesvåg. Føderådet (kåret) vart verdsett til 95 kroner.

frå Vikebladet 1.oktober 1936:

### **Anton Ertesvåg og kona fyller 70 år**

– Anton 6.okt og kona for nokre dagar sidan!

*Anton er fødd på Storøya i Tjørnvåg, og kona i Dimna.*

*Anton reiste som ung til Amerika og sleit mykje vondt der, som so mange andre som skal brøyte seg veg millom framande. Då han kom att frå Amerika brukte han ei tid gamle klokkargarden på Hofset, og hadde nær kjøpt han og. Men ymse ting kom i vegen so det ikkje vart. Han reiste då til Ertesvåg og kjøpte gard der. Sidan hev han budd der og hev teke mangt eit tungt tak ogso der. Han hev dyrka det som kan dyrkast av innmark, og bygt nye tidhøvelege hus. Ved sida av at han dreiv garden hev han rodt vinterfiskje. Eldste sonen hev teke garden no, og Anton og kona hev kår. Men dei er enndå rørige og åndsfriske og tek del i arbeidet. Ein annan av sønene deira hev reist eit nybruk, noko av farsgarden; men for det meste av utmark av den gamle prestegarden, so ogso han hev no ein liten gild gard.*

*Anton og kona hev vore særst strevsame og sparsame folk som aldri hev spart seg; men lagt ryggen til for å gjere det so godt som råd var, for seg og sine. Dei hev vore stillfarande, smålåtne og umgjengelege i grannelaget. Dei hev havt ein stor barneflokk, og borna alle hev skikka seg vel, og det er dei gamle si største glede no i livskvelden.*

*Me ynsker Anton og kona til lukke med åremålsdagen, og bed Gud signe både dei og deira, både i tid og æva.* s.

Om ein skal tillate seg å seie noko til dette 70 år seinare, må det eine vere at namnet på ”kona” ikkje er nemnt. Det andre må vere at dagens 70-åringar (foreldra mine, til dømes) truleg hadde vorte fornærma om dei vart omtala som ”rørige og åndsfriske” – som om det motsette skulle vere aktuelt....

[16,17]

4. JOHANNES ANDREAS KORNELIUS Andreasson STORØY, f.28.3.1834 - d.14.2.1881

5. JOHANNE ANDRINE Arnesd. DRAGSUND (Storøy), f.14.9.1830 - d.17.12.1911

gifte 13.7.1855. Dragsund er ført som opphaldsstad i 1855, Storøy i 1857 og seinare.

Johannes bygsla Storøy etter foreldra i 1862, men slik at dei hadde bruksrett til halve bruket. I 1868 kjøpte han garden for 230 Spd. (= 920 kr). Med pant i garden lånte dei 1000 kr i 1880 og 133 og 400 kr i 1881. Desse låna vart innløyste då sonen Anton kjøpte garden i 1895 av mora. Då var kjøpesummen 1377 kr. I 1911 selde han til broren Johan og brorsonen Johannes Hermanson for 750 kr kvar. Gardprisen hadde altså auka lite på desse åra. Berre 9 år seinare tok Johannes Hermanson opp eit lån på 6000 kr med pant i bruket sitt (kanskje til båtkjøp?).

(He3.9,He2.549)

Born:

I (Peter Benjamin) Johan f.16.9.1855 - g.21.9.1937, g.14.6.1885 Oline Karine Ellingsd. Torset, Rovde, f.19.3.1850 - d.18.12.1929. Brukar på halve Storøy frå 1881, 5 born (He3.10).

II Pauline Bergitte f.16.9.1855 - d.26.10, 5 veker. Tvilling m. Johan.

III Andreas Benjamin f.7.9.1857 - d.2.7.1879.

IV Herman Antoni f.28.8.1859 - d.5.5.1953, g.7.6.1880 Ane Maria Petrina Klausd. Garvik, f.19.12.1858 - d.17.5.1894, "Mavebetendelse, død paa barselseng", 7 born. Oppattg. 3.7.1896 Anne Elisa Pedersd. Klungøy, f.18.7.1868 - d.31.8.1939, (4 born). Brukar på halve Storøy frå 1881. (He3.10)

V Anne Sofie Pauline f.19.2.1862 - d.23.2.1865 (3 år), av halsesykje

VI Karoline Elisabet f.13.7.1864 - d.11.1.1867 (2 1/2 år) av skarlaksfeber. Ho er eitt av 12 born, dei fleste 1-5 år, som døyr i av denne sjukdomen i Herøy frå november 1866 til august 1867. (Til samanlikning vart det fødd om lag 80 born i året i Herøy.)

VII (PETER) ANTONI f.7.10.1866 (=nr.2, sjå ovanfor).

VIII Kristoffer Andreas f.9.3.1869 - d.10.9.1872 (3 1/2 år), av "strupehoste" (kikhoste).

IX Hanna Karoline Pauline f.6.2.1871 - d.5.9.1872 (1 1/2 år), av strupehoste.

I folketeljinga 1865 (31.desember) finn vi Johannes og Johanne på Storøy med borna Johan 11 år, Andreas 9, Herman 7 og Karoline 2 (påbyrja leveår medrekna), og ei tenestetaus. Foreldra hans (nr.8,9 [32,33]) er føderådsfolk og har eige hushald. Buskapen var 1 hest, 6 storfe, 14 sauer og 1 gris. Det året var sånaden 1/2 tønne blandkorn, 4 tønner havre og 4 tønner poteter (1 tønne skulle vere 139 liter).

Kjelder:

Johannes, Johanne: kb.Herøy (f.; g.; Johannes d.), klb.Herøy (Johanne d.), F1865

Borna: kb.Herøy (alle f.; Johan, Herman g.; Herman g2.; Pauline, Andreas, Anne, Karoline, Kristoffer, Hanna d.), klb.Ulstein (Anton g.)

Verborn: kb.Herøy (Ane Maria f.,d.), klb.Herøy (Anne Elisa f.)

Ved dåp er foreldra namngjevne, fedrene ved gifte.

Garden: Realpanteregister for Herøy og Rovde.

Bygdebøkene

[18,19]

6. OLAVIUS Severin Larsson DIMMEN, f.14.3.1837 - d.14.1.1902

7. ANNE GURINE Knutsd. SKEIDE (Dimmen), f.5.8.1836 - d.4.8.1914  
gifte 12.10.1862. (U4.488,494,U3.235)

Namna er vanlegvis skrivne Olavius og Ane Gurine (Andrenamnet Severin er berre med ved dåpsinnførsla.)

ANNE GURINE var først g.24.6.1860 Ole Olson Dimmen f.12.11.1827 - d.11.9.1861; han døyde ved ei ulukke. Dei hadde ikkje born. (U4.488)

Ole bygsla garden etter foreldra sine i 1858, med kår til foreldra. Bygsselsetelen er til "Ole Olsen Dimmen og mulige enke". Olavius og Anne fekk ny bygsel då dei gifta seg, og tok over kårtytingane til Ole sine foreldre (d. 1872 og 1880).

I 1889 kjøpte Olavius garden for 3600 kroner. Eldstesonen Lars tok over garden i 1895 for 4000 kr og kårtytingar på 2 gongar 700 kroner. Det er ikkje tinglyst noko pantelån ved noko av desse kjøpa. I 1920 tok Lars opp eit lån på 23000 kr med pant i garden (nedbetalt i 1925). Olavius d. av "Lungebetendelse", Anne Gurine av "Astmatisk bronkit", ifl. kyrkjeboka.

Born (OLAVIUS og ANNE GURINE):

- I Oluffa Kornelie Johanne f.5.7.1863 - d.15.5.1943, g.20.11.1888 Karl Johan Larsson Kleven f.17.7.1864 - d.22.5.1949, busett på Klubbeneset (Kleiva bnr.2) (1 barn) (U4.380). Karl si mor var frå Steinnes, Ørsta, syster til farmor Valborg si mormor, Anne Marie g. Garnes (sjå under nr. 14,15[46,47] i anerekkja åt farmor Valborg Ertesvåg).
- II Lars Peter Olai f.16.9.1864 - d.10.11.1955, g.21.6.1895 Lisa Gurina Berntsd. Osnes f.20.12.1873 - d.27.1.1952. Dei tok over garden i 1895, 11 born (U4.489).
- III KAREN Ingeborg Karolina f.27.9.1866 (=nr.3, sjå ovanfor)
- IV Hanna Serina Ingeborg f.6.3.1869 - d.8.3.1953, g.19.11.1891 Nils Olaf Kornelius Rasmusson Osnes f.21.4.1865 - d.3.12.1893 (av "Tæring"), 1 barn (U3.279). Oppattg.27.6.1897 Tobias Olaf Andreas Ananiasson Vågen, f.11.7.1864 - d.11.11.1937, busett Vågen (Dimnasund bnr.3), 5 born (U4.405).
- V Gina Nikolina Andrina f.8.7.1871 - d.1.5.1947, g.14.11.1897 Knut Olai Rasofiel Hansson Dimmestøl, f.1.10.1870 - d.3.7.1948, busett Dimnastøylen, 5 born. (U4.501) Besteforeldre til Bjørg, g. Ertesvåg.
- VI Lovise Nikolina Andrine f.19.12.1873 - d.6.10.1917 (av lungebetennelse), g.13.4.1902 Peder Andreas Johannes Johanson Gjerde, f.1.12.1879 - d.20.1.1953, på Gjerdet, Breivik bnr.2, 8 born. (U4.367) Lovise vart døypt den dagen kyrkjebåten frå Ytre-Dimna kollsiglde og 10 menneske drukna, m.a. farfar og fadder Lars Salmundson Dimmen (=nr.12[36])
- VII Ole Andreas Johannes f.9.5.1876 - d.1.5.1943, g.1905 Karen Andreasd Hovden, Hareid, f.8.9.1883 - d.23.6.1959, busett Ytre Mork (bnr.2), 7 born. (Ha6.156)
- VIII Knut Henrik Sigvald f.19.2.1880 - d.1.4.1952, g.17.1.1907 Ingeborg Kristine Nikoline Johansd Hasund, f.10.9.1880 - d.7.3.1953, busett i Vik, 9 born. Knut dreiv forretning (U4.315), seinare var han forretningsfører i trygdekassa og revisor i sparebanken (U3.471).

Om Olavius kan vi lese i "Grunnskulen i Ulstein gjennom 250 år":

*"Så seint som i 1840-åra blir det fortalt om born som ikkje lærde å lese. Olavius Larsen Dimmen var ein av dei. Han gjekk i omgangsskule i Ertesvågane tre veker i året. Foreldra meinte det var viktigare at han jobba heime på garden. Dei tok leseboka, bløytt henne opp og ga papiret til kyrne for å dryge foret. Då Olavius sjølv fekk born, lærte dei far sin å lese. Men skrivning lærte han aldri." (s.12-14, kjelde ikkje oppgjeve).*

I folketeljinga 1865 finn vi Olavius 29 år og Anne 29 år i Indre Dimna med borna Oluffa 3 år og Lars 2 år, tenestegut (Lars E. Larsson, 28, kanskje broren?), to tenestetauser og kårfolk (foreldra til Anne sin første mann). Ved teljinga (31.des.) var buskapen 1 hest, 8 storfe, 14 sauer og 1 gris. Sånaden i 1865 var 1/2 tønne bygg, 1 tønne blandkorn, 4 tønner havre og 1 1/2 tønne poteter.

Kjelder:

Olavius, Anne: kb.Ulstein (f.; g.; Anne g1.;d.), F1865; Ole: kb.Ulstein (d.)

Borna: kb.Ulstein (alle f.; Oluffa, Lars, Karen, Hanna, Gina, Lovise, Knut g.; Hanna g2.), klb.Ulstein (Lovise d.)

Ver-born: kb.Ulstein (Karl, Lisa, Nils, Tobias, Knut, Peder, Ingeborg f.; Nils d.)

Garden: Realpanterregister for Ulstein og Hareid

Bygdebøkene, "Grunnskulen i Ulstein gjennom 250 år" (Kristen Ulstein, utg. Skulestyret i Ulstein, 1990)

Vikebladet 30.1.1938:

"75 år. Oluffa O. Kleven fyller 75 år tirsdag den 5. juli, i det hun er født på Dimmen den 5/7 – 1863 av foreldrene Olavius Larsen Dimmen og Anne-Gurine Knutsdatter (f. Skjeide). Hun vokste op i Dimmen og var dels hjemme og dels vekk og tjente til hun giftet seg med Karl Larsen Kleven.

De har et barn Lovise som er gift med Nikodemus Garshol. Foruten sitt eget barn har de opfostret 2 foreldreløse barn.

Oluffa Kleven har vært en virksom misjonskvinne og har i mange år vært formann i Hasund krets' kvinneforening av gamlemisjonen, men hun har også havt interesse for andre kristelige gjøremål, hun har således vært søndagsskolelærer i samme krets i mange år.

Vi tenker det er mange som på denne åremålsdag vil være med å ønske Oluffa Kleven en lys og fredsæl livskveld. d.h."

:::OLDEFORELDRE:::

[32,33]

8. (PEDER) ANDREAS Knutson LITLØY (Storøy), f.1811 (dp.9.11) - d.24.8.1867

9. ANNE HELENE Jansd. GREIVSNES (Storøy), f.1813 (dp.27.5) - d.8.1.1889, av tæring  
gifte 14.7.1833, bygsla Storøy i 1832 (He3.9,91,He2.617)

Både ved konfirmasjonen (1829) og vigsla er Anne Helen ført med namnet Storøy, ved konfirmasjonen at ho er fødd Greivsnes. Det kan tyde på at ho var i fostring eller teneste på Storøy.

Peder Andreas vart kalla berre Andreas, alle borna vert kalla Andreasson/-dotter i alle samanhengar. Dei einaste unnataket eg har funne, utanom (Peder) Andreas sin eigen dåp, er då sonen Paul vart døypt.

I folketeljinga 1865 finn vi Andreas, 55 år (påbyrja år medrekna) og Anne (53) som føderådsfolk på Storøy hjå sonen Johannes (nr.4,5 [16,17] ovanfor). Sonen Peter (27), fiskar, ugift, bur med dei.

Born:

I JOHANNES ANDREAS KORNELIUS f.28.3.1834 (=nr.4 [16], sjå ovanfor)

II Berte Kanutte f.30.12.1836 - d.10.10.1881, g.21.6.1868 Elias Johannes Martinius Steffenson Gjerde, Sande, f.1846 - d.1943, først busett på Løset, frå 1871 i Røyra, på nyrydda plass, bnr.3, 4 born. (He1.510)

III Peter Olai f.1.10.1839 - d.9.1.1917, g.14.7.1867 Ingeborg Petrine Marie Andersd. Saunes, f.28.12.1837 - d.31.1.1868, (U4.299), 1 barn. Oppattg. 13.11.1870 Anne Berte Eline Ivarsd. Moldskred, f.15.4.1843, (U4.45), 8 born. Busett i Aurvåg, bnr.12 (He2.596). Seinare, frå 1898, hjå sonen Isak i Myrvågen. (He2.563)

IV Paul Andreas Martinus f.3.2.1842 - d.17.8.1848

V Hans Olai Matias f.27.9.1844 - d.1.2.1915 (av "Hjerneslag"), g.5.11. 1871 Anne Marie Larsd. Grimstad, f.1848 - d.1877, (Ha5.531), 4 born. Oppattg. 18.7.1880 Johanne Olds Gjerde, Hareid, f.1839, (Ha5.467), ho d. på Senja (ikkje born?). Oppattg. 6.11.1892 Kristine Elise Laura Eriksen, Ålesund f.1870 - d.14.8.1915 (av "Hjertelammelse"), 8 born. Busett Botnen bnr.2, var på Senja frå april 1888 til hausten 1891 (U4.198). Mor til Kristine var Gjertrud Marie, halvsyster til Anne Helene.

VI Anne Elisabet Gurine f.30.1.1846 - d.20.5.1933, g.26.6.1870 Andreas Pederson Berstad, Davik, f.1838 - d.1910, busett Rafteset bnr.2, 7 born. (He3.89)

VII Lars Andreas Kornelius f.20.3.1849 - d.8.12.1933, g.18.7.1869 Johanne Andrea Rasmine Eliasd. Voldsund, f.9.7.1849 - d.1940, busett i Røyra, bnr.5, 8 born. (He1.515)

Kjelder:

(Peder) Andreas, Anne: kb.Volda (Anne dp.), kb.Herøy (Peder Andreas f., g., begge d.), F1865  
Borna: kb.Herøy (alle f.; Johannes, Berte, Peter, Anne, Lars g.; Peter g2.), kb. Ulstein (Hans g1., g2., utfl. m. kone og son Johannes, innfl. åleine - frå Hillesøy/Senja, g3.), klb.Ulstein (Hans d.), F1900 Herøy (Myrvåg "Nygård": Peter og Anne Berte hjå sonen Isak m. familie)

Ver-born: kb.Herøy (Johanne f., Ingeborg d.), kb.Ulstein (Ingeborg f.), klb.Ulstein (Kristine d.)

Ved dåp er foreldra namngjevne i kyrkjeboka, fedrene ved gifte. – Bygdebøkene.



[34,35]

10. ARNE Jakobson HASUND (Dragesund), f.1788 - d.16.4.1872

11. ANNE BERTE Eiriksd. DRAGESUND, f.1790 - d.15.7.1857

gifte 30.6.1811, bygsla Dragesund bnr.2 av soknepresten i 1810, etter hennar far, kår til mora (He2.547,U4.245)

Born:

I Erik Andreas f.1812 (dp.10.8) - d.17.12.1889, g.18.7.1841 Eli Olsd. Olsvik, f.1795(99?) - d.1858, (1 barn), oppattg.1861 Marta Oline Sjursd. Ose, Ørsta, f.1826 - d.13.6.1912, (ingen born), plassefolk i Selvågen (bnr.3). (He3.392)

II Lars Johannes f.1813 (dp.22.11) - d.11.11.1881, g.7.1.1845 Brite Andersd Hide, Sande, f.1815 - d.1905, plassefolk i Frøystadvåg (bnr.5), 4 born. (He1.552)

III Anne Sofie f.14.4.1818 - d.27.12.1907, g.1844 Søren Matias Rasmusson Aursnes, f.1810 - d.1852, busett på Aursnes, bnr.1, 5 born. (He3.398)

IV Paul Kristian f.10.10.1820 - d.2.10.1852

V Anne Berte f.13.1.1823 - d.25.10.1850. Ho og to kvinner frå Myrvåg "Drukneade paa Reisen til Kirken, idet Baaden stødte paa et Skjær og kantrede."

VI Hans Paul Andreas f.20.2.1826 - d.2.1.1842

VII Knut Martinus f.25.10.1827 - d.16.6.1863

VIII JOHANNE ANDRINE f.1830 (=nr.5 [17], sjå ovanfor)

IX Anne Marie f.18.6.1834 - d.13.6.1885, g.27.6.1858 Elling Ellingson Roppen, f.1828 - d.28.3.1894, dei kjøpte bruket i Dragsund av regjeringa i 1859, 6 born (He2.548, U3.114). Mor til Elling, Karen Marie, var dotter til nr. 26,27 [74,75].

Kjelder:

Arne, Anne: kb.Herøy (g.; Anne konf.; Anne d. 66 år, Arne d. 86 år), F1801 (Arne 13, Anne 11), F1865 (finn ikkje Arne innført)

Borna: kb.Herøy (alle dp./f.; Erik, Lars, Johanne, Anne Marie g.; Paul, Anne Berte, Hans, Knut d.), kb.Leikanger (Erik d.), F1865 Herøy (Dragsund: Elling 30 år og Anne M. 32 år, 3 born 1-7 år, sjølveigar; Selvåggjerde: Erik 53 år og Marthe Oline 39 år, ingen born; Skinnset (v. Frøystad): Lars 53 år og Brit 52 år, 3 born 8-21 år; Årsnes (Aursnes): Anne Sofie, 48 år, enkje med 5 born 14-22 år)

Verborn: Ulstein.1833 (Elling ikkje nemnd.) kb.Leikanger (Marta d.)

Ved dåpen er foreldra namngjevne i kyrkjeboka, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene

[36,37]

12. LARS Salmundson DIMMEN, f.4.3.1814 - d.18.1.1874
13. PETRINE Hannikke Olsd. HATLØY (Dimmen), f.sept.1810 - d.6.11.1882  
gifte 29.5.1836, bygsla Indre Dimna bnr.3 i 1836 etter faren. Lars og ni andre omkom  
då kyrkjebåten frå Dimna kollsigla ved Boholmen. (U4.493,594)

Born:

- I OLAVIUS SEVERIN f.14.3.1837 (=nr.6 [18], sjå ovanfor)
- II Lars Nikolai Elias f.24.10.1838 - d.25.9.1893, g.10.6.1866 Eleonora Margrete Madsd.  
Steinsvik, Herøy, f.1838 - d.1925, busett Reite, Herøy, 1 barn (He2.53, bygselbrevet med  
kårbrev referert).
- III Ingeborg Severine Marie f.9.11.1840 - d.18.3.1843 (3 år)
- IV Ingeborg f.1843 - d.1.5. (9 dagar)
- V Salmund f.1843 - d.5.5. (11 dagar)
- VI (Ivar) Severin f.26.5.1844, g. Eline Petrine Andersd Voldnes, f.9.6.1841 - d.1922, reiste til  
Amerika i 1880-åra (UHam.168). Eline sin bror Anders g.m. Berte nedanfor (He3.567).
- VII Karen Oline Regine f.28.3.1846 - d.7.9.1848 (2 1/2 år) av strupehoste; ho var eitt av 7  
småborn i Ulstein som døydde av denne sjukdomen i mai-november 1848.
- VIII Karen Elina Berte f.24.11.1848 - d.11.1.1922, g.18.6.1871 Kristoffer Andreas Ingebrigt-  
son Frøystad, Herøy, f.1843 - d.1916, busett Frøystad bnr.1, 4 born (He1.529). Far til  
Kristoffer, Ingebrigt Frøystad, skreiv dagbok (utgjeve av Herøy Sogelag 1978).
- IX Peter Lorents f.9.1.1851 - d.22.1.1935, g.7.5.1876 Karen Maria Johannesd. Teigen,  
Hareid, f.1846 - d.1923. Ho var dotter til Dorte Salmundsd., Lars si syster, sjå un-  
der nr.24,25[72,73] nedanfor. Far hennar omkom i kyrkjebåt-forliset saman med Lars i  
1874. Peter tok over farsgarden, bygsel 1875, skjøte 1898. 1 barn. (U4.494, Ha5.189)
- X Berte Dorte f.24.9.1853 - d.28.8.1936, g.(ca.1879) Anders Andersson Voldnes, Herøy,  
f.6.1.1849 - d.1933, busett Vålnes bnr.1, 7 born. Anders si syster Eline g.m. (Ivar) Severin  
(He3.567-8, m. bilete av Berte og Anders).

I folketeljinga 1865 (31.des.) finn vi Lars og Petrine i Indre Dimna med borna Sivirin 22 år,  
Peter 15 og Bertte 13, og ei tenestetaus. Buskapen var 1 hest, 9 storfe, 13 sauer og 1 gris.  
Sånaden var 1/4 tønne bygg, 1/2 tønne blandkorn, 6 tønner havre og 1 1/2 tønne poteter.

Kjelder:

Lars, Petrine: Ulstein.1833 (f., konf.), kb.Ulstein (g., Lars d.), klb.Ulstein (Petrine d.), F1865  
Borna: kb.Ulstein (Olavius, Lars, Ingeborg Severine, Ivar Severin, Karen, Karen, Peter, Berte  
f.; Olavius, Lars, Karen, Peter g.; Ingeborg Severine, Ingeborg, Salmund, Karen Oline d.)

Ved dåpen er foreldra namngjevne i kyrkjeboka, fedrene ved gifte.

Bygdebøkene

**Kyrkjebåt-forliset** 18. januar 1874 ved Boholmen utanfor Osneset var ei av dei større sjø-  
ulukkene på Søre Sunnmøre på 1800-talet. Ti menneske omkom. Det var Lars Salmundson,  
gift, 60 år, Lars Knutson, 23 år, begge Indre-Dimna (ifl. kyrkjeboka), Anders Peterson, 20 år,  
Salmund Ananiasson, gift, 31 år, Elisa Olsd., gift, 21 år, Karen Nilsd., gift, 73 år, Severina

Petersd., gift., 23 år, Karen Petersd., ugift, 18 år, alle frå Ytre-Dimna. Desse stend i kyrkjeboka for Ulstein. I tillegg skal Johannes Larsson Hareid, gift, 60 år, ha vore med. Han er ført i kyrkjeboka for Hareid, død ved drukning 18. januar. Han var gift med Dorte Salmundsd., syster til Lars Salmundson Dimmen. Den tiande omkomne var Anne Marie Bentsd. Stokksund, ugift, 21 1/2 år. Ho er ført i kyrkjeboka for Herøy, med opphaldsstad Dimna og merknaden "Omkom paa Søen udenfor Osnes i Ulfsten samen med 9 andre".

Fem av dei omkomne frå Dimna vart gravlagde 23. januar og Johannes Larsson Hareid dagen før. Dei tre førstnemnde frå Dimna (Lars, Lars, Anders) vart først gravlagde 9.februar. Det tyder på at det gjekk ei tid før dei tre vart funne att. Den siste, Anne Marie frå Stokksund, vart ikkje gravlagd før 22.mars.

Dagsregisteret i kyrkjeboka for Ulstein fortel at langfredag 3.april var det jordfesting med likpreike for 8 menneske. Dette må ha vore dei omkomne frå Dimna som vart jordfesta saman. Før i tida vart dei døde gravlagde av slekt og grannar. Jordfestinga, som var den kyrkjelege handlinga, kom vanlegvis seinare.

I kyrkjeboka ser vi at det var to dåpsbarn frå Dimna denne januardagen: Lovise, dotter til Olavius Larsson og Ane Gurine Knutsd. Indre-Dimna (nr. 6,7 [18,19] ovanfor), og Hans, son til Paul Hansson og Severine Pettersd. Ytre-Dimna.

Mora Severine omkom. Anders og Karen var syskena hennar. Lars hadde vore fadder for barnebarnet Lovise. Karen Nilsd., Salmund og truleg Elisa (kyrkjeboka uklar) hadde vore faddrar for Hans.

Lokalhistorikaren Hans B. Osnes (1872-1958) skriv om ulukka i Vikebladet 29.3. og 5.4. 1951. Han fortel at to båtar frå Dimna la ut frå Skeide etter kyrkjetid. Nord om Boholmen kom det ein kastevind, og den eine båten skar ned, rann full av vatn og sokk og alle kom i sjøen. Folk som kom etter vegen frå kyrkja såg ulukka og fekk båtar ut frå nausta ved Osnessanden og kom til hjelp. Han hadde høyrte ymse tal om kor mange som var ombord, men hadde høyrte at tre vart berga. Ein av dei var dåpsbarnet Hans, som dei skal ha funne flytande i ei dunpute. Far hans vart berga, men mora omkom.

H.B. Osnes hugsar neppe dette sjølv (1 1/2 år gl.), men stykket fortel korleis folket på Osnes såg og opplevde ulukka.

Ei samtidig kjelde er Ingebrigt Frøystad som skriv ("En Dagbog", s.103):

*1874 Hvad det gamle Aar forlod tog det nye igjen. Sydvest og Vest og Vandflomme, høi flod og Storme hører til Dagens Orden. Ingen Sne, ingen Frost, ingen Fisk. Vi ere modfalne og indsluttet i vore Huse. Den 18 Januar bortkom 10 Mennesker fra Dimme paa en Kirkereise til Ulstein. Storm og Væde hører til Dagens Orden. Den 22 og Nat til den 23 Januar var han en Orkan af Vest Nordvest saa han rev Hus. ...*

Ingebrigt var nærare til dette enn mange andre: Ungkona i huset, Karen, var dotter til Lars Salmundson Dimmen som omkom.

[38,39]

14. KNUT Henrikson Store-ALME (Skeide), f.1799 (dp.10.2) - d.22.11.1859

15. KAREN Nilsd. RINGSTAD (Skeide), f.aug.1798 - d.17.11.1883

gifte 1829. Karen fekk godkjent krav om odelsrett til Osnes (bnr.8) ved dom i Høgsterett.

Dei tok over bruket i 1829. (U3.236,Ha6.227,U4.67)

I folketeljinga 1865 finn vi Karen, 68 år, som kårkone hjå Kristen 26 og Berte 31 på Skeide. Dei har to born, ein tenestegut og to tenestetauser.

Born:

I Nikoline Marie f.11.11.1831 - d.12.7.1904 (av "Kræft"), g.29.6.1856 Andreas Severin Ellingson Hasund, f.2.6.1821 - d.15.1.1888 (av "En Hjertefeil"), busett Hasund bnr.3, 4 born. (U4.246)

II Henrikke Marta Kornelia f.29.1.1834 - d.4.12.1914 (av "Alderdom"), g.15.7.1855 Johannes Peter Lyder Johannesson Osnes, f.1828 - d.13.10.1892 (av "Mavesygdome"), busett Osnes bnr.2, 10 born. (U3.273)

III ANNE GURINE f.5.8.1836 (=nr.7 [19], sjå ovanfor)

IV Kristen f.2.6.1839 - d.16.6.1904 (av "Gigtskygdome"), g.16.6.1861 Berte Marie Frederikke Jonsd. Brandal f.2.10.1835 - d.13.12.1920 (av "Lungebetendelse"), tok over garden, 7 born (U3.236)

V Johannes Andreas f.14.5.1842 - d.18.11.1846 (4 1/2 år) av strupehoste

Kjelder:

Knut, Karen: Ulstein.1833 (Knut dp., konf., g.; Karen f., konf., g.), kb/klb.Ulstein (d.), F1865  
Borna: Ulstein.1833 (Nikoline f.), kb.Ulstein (Henrikke, Anne Gurine, Kristen, Johannes f.; Nikoline konf.; Nikoline, Henrikke g.; Anne Gurine g./g2.; Johannes d.), klb.Ulstein (Nikoline, Henrikke, Anne Gurine, Kristen d.), kb.Hareid (Kristen g.)

Ver-born: Ulstein.1833 (Andreas f.; Johannes ikkje nemnd), kb.Ulstein (Berte Marie f.), klb.Ulstein (Andreas, Johannes, Berte d.)

Ved dåpen er foreldra namngjevne i kyrkjeboka, fedrene ved gifte, fødestad ved død.

Bygdebøkene

:::TIPP-OLDEFORELDRE:::

[64,65]

16. KNUT Rasmusson AURVÅG (Litløy), f.1772 - d.5.12.1847

17. BERTE Olsd. FETEN (Litløy), f.1767 (dp.8.8) - d.6.11.1835

gifte 25.1.1801 (Feten heiter Lauvstad i dag). Budde først i Aurvåg. Plassefolk på Litløy under Rafteset frå 1805. Kårfolk hjå dottera Ragnhild frå 1831 (He3.91,He2.585,D.250)  
Foreldre: nr.128-131

Born:

I Oline Berte f.1806 (dp.8.1.), g.18.8.1852 enkjemann Petter Rafael Tønder Hansson Jensholm, f.1787 - d.21.5.1861, busett på Jensholmen, ikkje born (He2.478), oppattg.20.4.1862 enkjemann Ivar Kristianson Breivik, Bø (Torvik) f.1796 (dp.mai) - d.19.10.1880, plassefolk på Stranda, Torvik (bnr.7), ikkje born (Hel.478).

II Ragnhild Helene f.1808 - d.10.11.1886, g.5.9.1831 Pål Rasmusson Aursnes, f.1807 - d.24.10.1845, tok over plassen på Litløy, 3 born, Pål døydde på Reknes hospital (He3.92); oppattg.1.8.1846 Johannes Janson Greivsnæs, Aurvåglid, f.1813 (dp.22.10), dei tok over plassen på Litløy, 2 born (He3.92). Johannes var son til Jan og Lisbet, nr.18,19[66,67], nedanfor.

III PEDER ANDREAS f.1811 (dp. 9.11) (=nr.8 [32], sjå ovanfor)

Kjelder:

Knut, Berte: kb.Volda (trul., g.; Berte dp.), kb.Herøy (d. - Knut 75 år og fødd på Frøystad), Folketeljinga 1801 (Aurvåg: 28 og 34 år)

Born: kb.Herøy (Oline g., g2.; Ragnhild g., g2; Peder Andreas dp., g.), F1865 (Strand,Torvik: Oline 60 og Ivar 71)

Ver-born: kb.Herøy (Petter d.), kb.Volda (Johannes dp.)

Bygdebøkene

[66,67]

18. JAN Eliasson GREIVSNES, f.1785 (dp.4.3) - d.27.1.1817

19. LISBET Guttormsd. NERØY (Leirvik), f.1780 - d.14.3.1848

gifte 27.2.1813, (He2.617, He1.597,598, He3.342, V2.308)

Foreldre: nr.132-135

Jan kom bort med eit båtlag. Han var saman med fire mann frå Bø, Herøy. "Det gjekk lenge gjetord om denne ulukka og dei låke tilstandar for enkjer og born som sat att", heiter det i "Folk ved havet", (bd.3, s.109,376).

Det ser ut til at dei budde på Greivsnæs i Volda til Jan omkom. Borna er døypte der. Sonen Johannes er kalla Greivsnæs heilt til han giftar seg til Hatløya. Seinare skal Lisbet ha budd i Leirvika under Aurvågclid, Herøy, før ho gifta seg oppatt.

LISBET oppattg.25.7.1824 Ola Hansson Dimnasund, f.1790 - d. etter 1865.

Dei budde i Leirvika under Aurvågclid, Herøy. Ola vart oppattg. 1850, meir om han i (He2.617,U4.511).

Born:

(LISBET med Pål Ellingson Berknes (Eiksund)):

I Gurine Pauline f.1806 - d.1835, g.1835 Hans Rasmusson Aursnes f.1804-d.1879, busett Eiksund (1 barn, Gurine Marie f.1835-d.1835) (He3.342,334,He2.598).

(JAN og LISBET):

II ANNE HELENE f.1813 (=nr.9 [33], sjå ovanfor)

III Johannes f.1813 (dp.22.10), g.1.11.1840 enkje Anne Marta Pedersd Bigset (Hatløy), på Hatløya f.1802 - d.3.11.1841, (1 barn, Lars f.1841). Ho var enkje etter Lars Olson, son til nr.26-27 [74,75] nedanfor. Johannes budde på Hatløya til 1843 (U4.595). Oppattg.1.8.1846 enkje Ragnhild Helene Knutsd Litløy, f.1808 - d.10.11.1886, plassefolk på Litløy, 2 born. Ho var dotter til Knut og Berte, nr.16-17 [64,65], ovanfor. (He3.92) Sonen Lars, frå første ekteskap, kjøpte Litløy i 1867, men selde i 1869.

(LISBET og Ola):

IV Gjertrud Marie f.1.10.1824, g.29.5.1860 enkjemann Kristen Johannes Erikson Hurlen (Buholmstrand) f.1821, frå Haram, busett Buholmstrand ved Ålesund (5 barn 1861-1870). Dotter Kristine f.1870 g. Hans, son til Anne Helene (nr.9[33]-barn V, sjå ovanfor).

Kjelder:

Jan, Lisbet: kb.Volda (Jan dp.), kb.Herøy (g., d., Lisbet g2.)

Ola: Ulstein.1833 (ikkje nemnd)

Borna: kb.Volda (Anne, Johannes dp.), kb.Herøy (Anne, konf., g.; Johannes konf., g., g2.; Gjertrud f.), kb.Borgund (Gjertrud Marie g.; barnefødsjar 1861, 1863, 1866, 1868, 1870), F1865 (Litløy: Johannes og Ragnhilde, dtr. Pauline 19 år; Grimmergård, Borgund: Kristen og "Gjertrud" med to born), F1875 (Skaret, Ålesund: Kristen og "Marie" med eitt barn - det må vere ho, sjølv om alder og fødestad er feil). (Ho er kalla Gjertrud Marie ved vigselen, Gjertrud i F1865, og Maria i F1875 og ved 5 barnefødsjar)

Ver-born: Ulstein.1833 (Anne Marta ikkje nemnd), kb.Ulstein (Anne Marta d. - 40 år)

Bygdebøkene; "Folk ved havet - Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal" (Bjarne Rabben, 1982-83)

[68,69]

20. JAKOB Olsson RINGSTAD (Hasund), f.2.9.1758 - d. etter 1811

21. ANNE Arnesd. SKEIDE (Hasund), f.1751 - d. etter 1811

Sonen Elling skulle leggje kår til begge foreldra i 1811. (U4.245,65,U3.225)

Foreldre: nr.136-139

Born:

I ARNE f.1788 (=nr.10 [34], sjå ovanfor)

II Elling f.13.12.1790 - d.9.7.1835, "Forkortede sit Liv ved at henge sig", g.1815 Inge(r) Johannesd. Hovlid, Hareid, f.28.11.1791 - d.1869 (Ha5.421), (1 barn, Andreas f.1821). Elling tok over bruket etter foreldra, bygsel frå soknepresten. Utdrag frå bygselbrevet i bygdeboka (U4.245).

Dei kan ha hatt fleire born som var fråverande eller døde før folketeljinga i 1801.

Kjelder:

F1801 (46 og 50 år; born: Arne 13, Elling 11)

Ulstein.1833 (Arne og Elling ikkje nemnde; Inge f., konf. 1804, g. 1815), kb.Ulstein (Elling d.)  
Bygdebøkene

Det er ikkje dokumentert at Arne Jakobson Hasund g.m. Anne Berte Dragsund er same person som Arne, son til Jakob Olsson og Anne Arnesd. Hasund. (Det kunne vere ein annan Jakob.)

[70,71]

22. EIRIK Jonson MOLDSKRED (Dragesund), f.1753 - d.1810 (jordfesta 24.6, 57 år)

23. SYNNOVE Jetmundsd. ?? (Dragesund), f.ca.1745 - d.4.8.1817

I 1801 budde dei i Dimnasund. I F1801 er Ole "bonde, gaardbeboer, lægdsmand og tilsynsmand". Dei er førte som eigen husstand attåt prestefamilien og ein husmann.

Bygsla Dragesund av sokneprest Grüner i Herøy i 1804. Synnøve hadde kår frå dottera og mannen, som tok over bruket i 1810. (He2.547,U4.44)

Foreldre: nr.140-143 (Synnøve sitt opphav er ukjent)

Born:

I ANNE BERTE f.1790 (=nr.11 [35], sjå ovanfor)

Dei kan ha hatt fleire born som var døde eller budde andre stadar ved folketeljinga i 1801.

I folketeljinga 1801 (avskrift) er Anne Berte kalla "Jonsd.". Farsnamnet kan vere feil, eller så er ho ikkje dotter til Eirik. Når ho er konfirmert og gift, og borna hennar er døypte, er ho kalla "Eriksd."

Kjelder:

Eirik, Synnøve: kb.Herøy (d.), F1801 (49 og 56 år, dotter Anne Berte 11)

Barn, Anne Berte: kb.Herøy (konf., g., d.)

Ved konfirmasjon og gifte er berre farsnamn og gardsnamn nemnt (Eriksd. Dragsund), ikkje fullt namn på faren.

Bygdebøkene.

[72,73]

24. SALMUND Salmundson OSE (Dimmen), f.1774 (dp.21.8) - d.1.1.1842

25. INGEBORG Larsd. DIMMEN, f.1781 - d.2.10.1856

bygsla Indredimna (bnr.3) i 1808 etter Lars, kår til Ingeborg si mor, Maren  
(U4.493,Ø.294)

Foreldre: nr.144-147

Born:

I Synnøve Eline f.22.9.1811 - d.25.3.1902, g.11.7.1841 Ingebrigt Severin Sjurson Gjerde, Hareid, f.16.1.1813 - d.1884. Nytt bruk på Hareid (bnr.22, Nobben), 5 born (Ha5.211).

II LARS f.1814 (=nr.12 [36], sjå ovanfor)

III Dorte Johanne Oline f.sept.1818 - d.31.1.1899, g.25.6.1843 Johannes Kornelius Larsson Nevstad, f.24.3.1814 - d.18.1.1874. Johannes omkom då kyrkjebåten frå Dimna forliste, sjå under nr.12,13 [36,37]. Busett på Hareid, bnr.15 (Teigen), 6 born (Ha5.189). Dotter deira g.m. Peter Larsson Dimmen, sjå under nr.12,13 [36,37].

Dei kan ha hatt fleire born som var døde eller flytta frå prestegjeldet i 1833 (og dermed ikkje er innførte i protokollen med innsamla data etter prestegardsbrannen).

Kjelder:

Salmund: kb.Volda (dp.), F1801 (25, ug., hjå broren Kolbein på Åmbø), kb.Ulstein (d.)

Ingeborg: Ulstein.1833 (dp., konf. 1796), kb.Ulstein (d.), F1801 (20, ug., med foreldra)

Born: Ulstein.1833 (Synnøve f., konf. 1825; Lars f., konf. 1830; Dorte f., konf. 1835), kb.Ulstein (Synneve, Dorte g.; Lars g. - 22 år, far: Salmund Dimmen)

Ver-born: Ulstein.1833 (Ingebrigt f., konf. 1829; Johannes f., konf. 1831), kb.Hareid (Johannes d.)

Garden: Søre Sunnmøre Pantebok og Realpantereg (1808: bygsel "fra C.Rønneberg til Salmund Salmundsen Ose" og vilkårsbrev )

Bygdebøkene (Bygdeboka for Ulstein har fødselsdag for Lars, ikkje i protokollenfrå 1833.)

Det er ikkje fullt ut dokumentert at Lars Salmundson, nr. 12[36] ovanfor, er same person som Lars, son til Salmund Salmundson og Ingeborg Larsd Indredimna. (Det kunne vere ein annan Salmund Dimmen.)



[74,75]

26. OLE Sjurson KVAMEN (Hatløy), f.ca.1763 - d.20.10.1844

27. SYNNOVE Larsd. VÅGE (Hatløy), f.ca.1767 - d.21.1.1847

gifte 1794, dei budde på Hatløya i 1801. Dei hadde kår hjå sonen Lars frå 1826.  
(U4.594,540,Ha6.214)

Foreldre: nr.148-151

Born:

I Karen Marie f.des.1796 (dp.25.12) - d.8.12.1882, g.1825 Elling Ellingson Roppen, f.22.12.1794 - d.6.5.1844, på Roppen bnr.2, 5 born (U3.114). Deira son Elling g.m. Anne Marie, dotter til nr. 10,11 [34,35].

II Lars f.1799 - d.1837, g.1826 Anne Marta Pedersd Bigset, f.1802 - d.3.11.1841. Tok over bruket i 1826, 5 born. Lars og dei tre andre mennene på Hatløya kom bort i torskefisket. Enkja oppattg. 1.11.1840 Johannes, son til nr.18-19 [66,67] ovanfor.

III PETRINE Hannikke f.sept.1810 (=nr.13 [37], sjå ovanfor)

Dei kan ha hatt fleire born som ikkje levde eller hadde flytta frå prestegjeldet i 1833.

I folketeljinga 1801 er Ole og Synneve, 38 og 34 år, på Hatløya med borna Karen 5 og Lars 2 år.

Kjelder:

Ole, Synnøve: kb.Ulstein (Ole d. - 83 år; Synneve d. - 85 år), F1801

Born: Ulstein.1833 (Karen f., konf. 1814, g. 1825; Lars ikkje nemnd; Petrine f., konf. 1827), kb.Ulstein (Petrine g. - far: "Ole Hatløen"), F1801 (Karen, Lars). Lars og dei andre som forliste i 1837 er ikkje førte i kyrkjeboka.

Verborn: Ulstein.1833 (Elling og Anne Marta ikkje nemnde), Kb.Ulstein (Elling d.- 49 år; Anne Marta d. - 40 år)

Bygdebøkene

[76,77]

28. HENRIK Knutson ÅRFLOT (Store-Alme), f.1773 (dp.26.12) - d.15.7.1841  
29. MARTE Andersd. FOLDAL (Store-Alme), f.1769 (dp.6.1.1770) - d.3.1.1841  
    gifte 16.5.1796, budde eit par år på Årflot, bygsla Store Alme i 1798  
    (Ha6.227,Ø.280,Ø.198)  
    Foreldre: nr.152-155

Born:

- I Sylvei f.1796 (dp.29.5) - d.9.2.1875, g.9.7.1835 enkjemann Eirik Jetmundson Holveker f.1797 - d.30.11.1840, på Holveker, 3 born (U3.600). Oppattg. 15.7.1854 enkjemann Lars Johannesson Nevstad, f.28.10.1793 - d.31.10.1868, budde på Nevstad bnr.1, ingen born (Ha6.112). Sylvei hadde kår på Holveker og ho budde der då ho døydde. I første ekteskap hadde Lars 5 born, ein av dei, Lars, vart gift med Sylvei si søster Ane Gurine, sjå nedanfor (Ha6.112).
- II KNUT f.1799 (=nr.14 [38], sjå ovanfor)
- III Gullik Andreas f.1809 (dp.10.9) - d.3.1.1902, g.15.7.1838 enkje Marie Karen Gulliksd. Skeide (Bjåstad) f.25.5.1807 - d.12.10.1873, på Bjåstad bnr.1, 1 barn (Ha5.574). Oppattg. 13.6.1875 enkje Synnøve Jørgensd Holstad (Grimstad), f.1802 - d.27.8.1891, dei budde på Grimstad bnr.1 (Ha5.523) til Synnøve døydde, og Gullik flytta attende til Bjåstad.
- IV Hans f.1.11.1812 - d.11.10.1856, g.22.6.1851 Berte Olina Jensd Hjørungdal, f.14.9.1825 - d.9.4.1915, busett på Svora, 2 born (U4.57).
- V (Ane) Gurine f.1816, g.28.6.1868 enkjemann Lars Larsson Nevstad, f.1824 - d.1900. På Nevstad bnr.1, ikkje born (Ha6.112).

Dei kan ha hatt fleire born som ikkje levde eller hadde flytta frå prestegjeldet i 1833.

Folketeljninga 1801, Alme Store: Henric Knutsen, husb., 27; Martha Andersd., hans kone, 32, begge i 1. ektesk.; Sylvie Henricsd. 5, Knut Henricsen 2, deres børn; Drude Andersdatter, husb. moster, 78, enke 2den gang. nyder vilkaar i gaarden (ho er dotter til [306,307]).

Kjelder:

Henrik, Marte: kb.Volda (dp., trul., g.), kb.Ulstein (d.), F1801

Borna: kb.Volda (Sylvei dp.), Ulstein.1833 (Knut dp., konf. 1817, g. 1829; Gullik dp., konf. 1825; Hans f., konf. 1829; Ane Gurine f., konf. 1833), kb.Ulstein (Sylvei g1., g2., d.; Knut d. - fødestad ikkje innført; Gullik g1.; Hans d.), kb.Hareid (Gullik g2.; Hans g.; Gurine g.), F1801, F1865 (Nevstad: Lars 74 år og Sylvei 69 år kårfolk; Lars 42 år m. kone og 4 born; )

Verborn: Ulstein.1833 (Eirik ikkje nemnd; Lars Johannesson f., konf. 1809; Marie Karen f., konf. 1823; Synneve ikkje nemnd.; Berte Oline f.; Lars Larsson ikkje nemnd.), kb.Ulstein (Lars L. konf.1839, 15 år; Berte d.), kb.Hareid (Lars Johannesson d.; Marie d.)

Bygdebøkene

Eg har ikkje dokumentert at Knut Henrikson Skeide g.m. Karen Nilsd. er same person som Knut, son til Henrik og Marte Store-Alme.

[78,79]

30. NILS Knutson SKEIDE (Ringstad), f.1763 - d.1804

31. ANNE Gulliksd. BJÅSTAD (Ringstad), f.ca.1770 - d.etter 1809, seinast 1812

gifte ca.1797, bygsla Ringstad 1797 (U4.67,U3.235,Ha5.573)

Foreldre: nr.156-159

ANNE oppattgift ca.1806 Torbjørn Rasmusson Rise (Strandabø) f.25.3.1775 - d.7.5.1861,

buset på Strandabøen. Torbjørn vart oppattgift ca.1812 Synneve Hansd. Hasund, f.14.11.1788. (U4.276)

Born:

(NILS og ANNE):

I KAREN f.1798 (=nr.15 [39], sjå ovanfor)

II Berte f.ca.1801 - d.2.4.1876, g. (før 1828) Karl Peder Hansson Giskegjerde, f.1802 - d.15.3.1852. Busett Oggedal på Grytastranda, Borgund, frå 1828. (Borgund og Giske 4.216). Karl kom bort på havet same dag som 4 andre frå Borgund; 10 mann frå tre båtar skal ha omkome denne dagen på Sunnmøre ("Folk ved havet" 3.113,309)

(ANNE og Torbjørn):

III Nils Andreas f.2.1.1807 - d.18.1.1874, g.26.6.1842 Anne Endresd. Melbø, Vartdal, f.1808 - d.27.1.1891, bygsla Holveker bnr.1 i 1841 av Ulstein kyrkje. Dei hadde 1 barn, som ikkje levde opp. (U3.600)

IV Gurine f.1809 - d.6.3.1848, ugift

Dei kan ha hatt fleire born som ikkje levde eller hadde flytta frå prestegjeldet i 1833.

Kjelder:

Nils, Anne: F1801 (begge 31 år; dotter Karen 2),

Torbjørn, Synneve: Ulstein.1833 (Torbjørn f., konf 1792, ikkje g.; Synneve f., konf. 1805, ikkje g.; ektefødd barn i nytt ekteskap mars.1813), kb.Ulstein (Torbjørn d.)

Born: Ulstein.1833 (Karen f., konf. 1814, g. 1829; Nils Andreas f., konf. 1823; Berte og Gurine manglar), kb.Ulstein (Karen d. - fødd 1799 Ringstad; Nils g. - 35 år, d. - 67 år; Gurine d. - 39 år), kb.Borgund (Berte d. - f.1801; finn ikkje g. her), F1865 Borgund (Uggedal: Berte Nilsd. kårenkje, 69 år, f. Ulstein prg.)

Ver-born: kb.Borgund (Karl d.), kb.Ulstein (Anne d.- f.år 1808)

Bygdebøkene, "Folk ved havet - Fiskarsoge for Sunnmøre og Romsdal" (Bjarne Rabben, 1982-83)

Frå folketeljinga 1801 og protokollen frå 1833 ser vi at Nils og Anne hadde ei dotter Karen f. 1799 (1833: f. 1798) og som vart gift 1829 (men namn på ektemaken er ikkje nemnt). Når Karen Nilsd. Skeide (nr.15 [39]) er død i 1883 er det ført i kyrkjeboka at ho er f. 1799 på Ringstad. Dette dokumenterer ikkje sikkert at det er same person.

Det skal ha vore ført sak til høgsterett om odelsrett for Karen på bruket på Skeide. Domsprotokollane har eg ikkje sett, men venteleg vil dei dokumentere slektskap mellom Karen og Nils og hans forfedre.